




Vedtekter for SFO i Vang

Gjeldande frå SFO-opptak for skuleåret 2017-18



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VANG KOMMUNE

Gjeldande frå SFO- opptak for skuleåret 2017-18.

§ 1 EIGARFORHOLD

Vang kommune er eigar og står for drifta av skulefritidsordninga (SFO). Hovudutval for levekår har ansvar for forvaltning og tilsyn. SFO blir drive i samsvar med kommunale vedtak og statlege retningslinjer.

§ 2 SØKNAD – OPPTAK

SFO-tilbodet blir kunngjort ein gong i året med eit hovudopptak for neste skuleår og for SFO-tilbod i skuleferien for førstkomande sommar, haustferie og vinterferie i neste skuleår. Hovudutval for levekår er ansvarleg for opptak etter tilråding frå etatssjef og skuleleinga. Søknadsfrist for hovudopptaket er i perioden februar - mars.

§ 3 SFO-TILBODET - FORMÅL OG INNHALD

Skulefritidsordninga er eit tilbod for barn på 1.-4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

- SFO-tilbodet i skuleåret har noko organisert aktivitet og noko fri lek og er i hovudsak på skulen sitt område.
- SFO- i skulen sin ferie: Tilbodet er heile dagar og skal ha ein del organisert aktivitet for barna. Tilbodet kan organiserast på skulen med nærområde eller på anna avtala og forsvarleg stad. Ferie-tilbodet kan organiserast som eit kommunalt tilbod eller kommunen kan kjøpe eit privat aktivitetstilbod, eller det kan vere ein kombinasjon av dette. Hovudutval for levekår gjer på hausten vedtak om hovudtrekk i korleis SFO-tilbodet for neste sommar og påfølgjande haust- og vinterferieveke skal vere.

§4 OPPTAKSPERIODE, OPPTAKSKRITERIUM OG OPPSEIING

Opptaket gjeld for eitt skuleår. Opptak i SFO i skuleferien gjeld for heile veker.

Det må vere minimum 4 påmelde barn ved hovudopptaket for at det blir satt i gang eit SFO-tilbod.

Dersom SFO-opptaket må avgrensast skal følgjande kriterium gi prioritet for SFO-plass i hovudopptaket:

- Føresette som ønskjer SFO-plass etter tilråding frå sakkunnig instans som til døme barnevern, PPT eller habiliteringtenesta.

Oppseiing av SFO-plass skal vere skriftleg til skulen eller kommunen seinast 1 måned før barnet skal takast ut.

Det er høve til å kjøpe enkeltdagar. Skulen vurderer i kvart tilfelle om dei har kapasitet.

Dersom det er plass innafor oppsett bemanning, kan barn få plass etter påmeldingsfristen. Inntaket vil under elles like vilkår skje etter søknadsdato.

§5 FORELDREBETALING

Kommunestyret fastsett foreldrebetaling for ordinær opphaldstid i skuleåret, enkeltdagar og heile ferieveker. Kommunen kan maksimalt krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

Betalinga blir rekna ut etter opningstida i SFO dei dagane barnet er fast påmeld. Opningstida blir rekna ut for morgontilbodet og ettermiddagstilbodet kvar for seg. Når barn tar fast del i leksehjelp i si SFO-tid, blir leksehjelp-tida trekt frå tidsgrunnlaget for SFO-betaling.

Ved oppseiing av SFO-plass må det betalast for ein månad etter skriftleg oppseiing.

For enkeltdagar gjeld timepris.

Ved for sein henting blir det kravd eit gebyr på kr. 80,- pr. oppstarta nytt kvarter.

Innkrevjing av betaling for enkeltdagar blir gjort saman med vanleg foreldrebetaling.

§ 6 SØSKENMODERASJON

Det blir gitt 30 % søskenmoderasjon for det andre barnet og 50 % for det tredje og fleire barn.

§ 7 BETALINGSFRIST

Foreldrebetaling må skje innan fastsett tid. Dersom betaling uteblir etter vanleg innkrevjingsprosedyre, mister barnet plassen for resten av skuleåret. Det kan søkjast om opptak att etter vanlege reglar når rekninga er betalt.

Betalingshjelp til SFO-plass grunna ein vanskeleg økonomisk situasjon må ev. vurderast av NAV etter lov om sosialtenester.

§ 8 BETALINGSFRITAK

Dersom eit barn har vore borte 2 veker eller meir p.g.a. sjukdom eller andre særskilde årsakar, kan føresette søke om fritak for betaling. Ferie vil til vanleg ikkje fritak for betaling. Betalingsfritak blir vurdert og eventuelt innvilga av etatssjefen.

§ 9 MAT

Betaling for større fellesmåltid kan kome i tillegg til den faste månadsbetalinga. SFO saman med foreldra avgjer kor mykje og kva desse måltida skal innehalde.

§ 10 LEIKE OG OPPHALDSAREAL

VBU: SFO-rom + klasserom, ca. 106 m², bibliotek, kulturrom, symjehall, fleirbrukshall garderobe, ca. 3,5 mål uteområde.

§ 11 OPPHALDSTID OG OPNINGSTID

SFO-tilbodet i skuleåret: måndag – fredag frå kl. 07.15 fram til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16.30. Tilbodet blir reelt dei morgonar og ettermiddagar som min. 4 barn er påmelde ved hovudopptaket.

SFO-tilbodet i skuleferien: 2 veker i juni og 2 veker i august og i haustferie (veke 40) og i vinterferie (veke 9). Opningstid: måndag – fredag kl. 08.00 – 16.00.

Tilbodet blir reelt dei ferievekene som min. 4 barn er påmelde ved hovudopptaket.

§ 12 BEMANNING OG LEIING

Rektor ved skulen er administrativ og fagleg leiar for skulefritidsordninga.

Retningsgivande bemanningsnorm er ein assistent for 12 elevar. Det må til ei kvar tid vere forsvareleg bemanning ved SFO-tilbodet.

§ 13 FORSIKRING

Kommunen teiknar ansvars- og ulykkesforsikring som gjeld for den tida barna er i skulefritidsordninga.

§ 14 TEIEPLIKT

Alt personale har teieplikt etter § 13 i Forvaltningslova.

